

# Eit liberalt Sogn og Fjordane

**«Menneske er viktigare enn system.  
Venstre prioriterer folk først.»**

**Marit Barsnes Krogseter**

Venstre sin fylkesordførarkandidat i Sogn og Fjordane



**venstre**

# Ny vekst i Sogn og Fjordane

## **Sogn og Fjordane treng:**

- ein ny samferdslepolitikk som gjev vekst og utvikling
- ein ny næringspolitikk der gründere og småbedrifter blir teke meir vare på
- ein ny klima- og miljøpolitikk som gjer det mogeleg å skape grønne arbeidsplassar og reise kollektivt
- ein ny skulepolitikk der eleven får eit godt pedagogisk tilbod innan rimeleg reiseavstand frå heimen.
- ein ny helsepolitikk som set pasienten framfor systemet

**Venstre står for framtidstru og moderne løysingar. Folk først - Stem Venstre!**

Advokat Klaus Iversen, Vågsøy



# Kunnskap og like moglegheiter

Skulen si viktigaste oppgåve er å gje den enkelte elev høgst mogeleg kunnskapsnivå og gode grunnleggjande ferdigheiter. Kvar elev må få utvikle seg etter egne evner.

For å bevare og vidareutvikle eit liberalt demokrati, er det avgjerande at våre elevar utviklar evne til å tenke sjølvstendig, vere nysgjerrige, kreative og ha kritisk vurdering

## Venstre vil:

- at elevane i den vidaregåande skulen skal ha fridom i val av skule
- halde på den desentraliserte skulemodellen vi har i Sogn og Fjordane slik at dei fleste unge kan bu heime lengst mogeleg, samstundes som dei har eit godt og breitt tilbod

innanfor rimeleg reiseavstand

- styrke lærarane sitt høve til fagleg oppgradering og kompetanseheving
- betre tilpassinga av studietilbodet til næringslivet sine behov
- vidareutvikle og styrke samarbeid mellom rådgjevartenestene i grunnskule og vidaregåande skule

*Student Aleksander Åsnes, Førde*



# Eit klimavenleg samfunn


Venstre byggjer politikken sin på eit økologisk heilskapssyn på natur, menneske og samfunn. Omsynet til miljøet må vere overordna kortsiktige økonomiske interesser.

Det offentlege si oppgåve er å leggje til rette for at det løner seg å leva miljøvenleg

Vår politikk er tufta på forvaltartanken. Naturen må ikkje utnyttast ut over tolegrensa. Fornuftig forvaltning er ein føresetnad for å sikre valfridom for komande generasjonar

## **Venstre vil:**

- arbeide for vernereglar som kan sameine bruk og vern, og medverke til eit betre samarbeid mellom grunneigar og forvaltning.
- utvikle kystsoneplanar som gjev fiskeri og oppdrettsnæringa høve til berekraftig utvikling.
- seie klart nei til fjorddeponi i nasjonal laksefjord
- utvikle eit godt og framtidretta kollektivtilbod i alle delar av fylket
- prioritere meir midlar til gang- og sykkelveggar
- satse på trafikktryggleikstiltak



**Venstre vil ta  
omsyn til  
miljøet  
i all fylkes-  
kommunal  
aktivitet!**

Bruk røysteretten  
12. september:  
**Stem Venstre**

# Varm velferd når du treng det

Dei som bur i fylket skal kunne kjenne seg trygge på at dei får hjelp når dei treng det.

Tilbod til kronisk sjuke, eldre og psykisk sjuke skal gjevast nærast mogeleg innbyggjarane.

## Venstre vil:

- ha eit godt, styrka og desentralisert tilbod innan psykiatri, geriatri, rusomsorg, rehabilitering og for kronisk sjuke
- støtte opp om rekrutteringstiltak innan tannhelsetenesta og medverke til opptrapping av utstyrsutskiftinga
- utvikle samspelet mellom dei frivillige organisasjonane og dei offentlege aktørane i helsevesenet

- opne rusposten på Eid
- støtte opp om utviklinga av Hauglandssenteret og Livsmeistringssenteret på Skei
- yte tilskot til krisetelefon og krisesenter.
- oppretthalde ambulansebåtane på kysten. at ambulansar og ambulansetenester må vere tilstades i alle kommunar i fylket.

*Jordmor Marianne Øren, Lærdal*



# Kreativt og verdiskapande

Venstre meiner det er viktig å føre ein politikk som gjer at folk ønskjer å bu og virke i Sogn og Fjordane. Å leggje til rette for nyskapande og lønsam næringsutvikling er ein nøkkelfaktor. Dersom vi skal få fleire folk i fylket vårt, må vi sjå utvikling av næringslivet i samband med samferdsle.

I framtida vil dei fleste nye arbeidsplassar verte skapte i små- og mellomstore verksemdar. Nyetablerarar og småverksemdar må få vilkår som aukar sysselsetjinga og verdiskapinga.

I eit liberalt samfunn er ein større kultursektor og eit kreativt samfunn eit mål i seg sjølv.

## **Venstre vil:**

- sjå vegbygging som viktig lekk i utviklinga av fylket
- arbeide for at Kystvegen vert realisert kutte utgreiingane og starte bygginga av Stadt skipstunnell
- ha næringsverksemd med utspring i samhandling mellom tradisjonelle kystnære næringar og turisme
- stimulere og styrkje ulike kulturformer som næringsveg
- sikre Bokbåten vidare drift
- at løyvingane til ulike kulturformål skal kanalisert slik at dei bidreg til kvalitet, mangfald og breidde.

# FYLKESTINGVALLISTA VENSTRE



1. Marit Barsnes Krogsæter  
Flora



2. Klaus Iversen  
Vågsøy



3. Aleksander Åsnes  
Unge Venstre/Førde



4. Marianne Øren  
Lærdal

5. Kåre Jarl Langeland, Bremanger  
6. Siv Langøen Rotevatn, Eid  
7. Britt Grimelid, Balestrand  
8. Gunnar Osland, Askvoll  
9. Vigdis Tønning, Jølster  
10. Halvor Gregusson, Unge Venstre/Sogndal  
11. Brynhild Lund Notøy, Hornindal  
12. Sindre Roska, Førde  
13. Elisabeth Normann Leversund, Flora  
14. Merete Kulset, Unge Venstre /Årdal  
15. Jon Ove Lomheim, Luster  
16. Sveinung Rotevatn, Unge Venstre /Eid  
17. Anne van der Vlugt Erstad, Fjaler  
18. Odd Bovim, Unge Venstre/Flora  
19. Marit Sætren, Vågsøy  
20. Morten Holmberg, Vik

*... sjå resten av lista på våre heimesider.*

Foto:Sogn og Fjordane Venstre

[www.venstre.no/sognogfjordane](http://www.venstre.no/sognogfjordane)